



**Ein kvartett frå Sørfjorden - nærare bestemt frå Nå - vitjar Uskedalen i dag.Og kva gjer så Sigbjørn Kambestad, John Århus, Magni Håkonsdotter Utne og Torleif Jensen her?**

Jau, dei har dugnad på oppsettjing av tretelt på Rabben Feriesenter og tek lunsjpausa si på Cafe TI-aren.

Ein ideell kombinasjon, seier kvartetten, som trivst godt i Uskedalen. Ikkje minst er dei fornøgde med at kommunen gav dei løyvge til å byggja tretelt så snart - søknaden vart sendt inn så seint som i oktober. No er det nesten kø av tretelt-byggjarar på Rabben!

Vertinne på TI-aren, Berit Harriet Døssland (stående på biletet) synest det er ekstra triveleg med besøk frå fjorden i aust ettersom ho er frå Odda. Og så hadde ho noko ekstra felles med kvartetten som kom i dag - dei var alle med i dansarlaget i Odda!

Besøket på TI-aren har elles vore upåklageleg i dag ettersom 30 vaksne og 3 ungar har vore innom.Sist tysdag var det 24 vaksne og 3 barn.

(Foto: Ola Matti Mathisen)